

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

17. søndag i treeiningstida – 21.juni 2020

Preiketekst: Johannes 11:17-29 og/eller 30-46

Lesetekst I: Job 19:21-27

Lesetekst II: 2. Tim 1:7-12

Oppstandelse

Denne søndagen i kyrkjeåret er omtalt som hausten sin påskesundag. Tekstane i alle tekstrekke har gjennomgangstenen *oppstode*. Dette året er det første tekstrekka, og historia om oppvekkinga av Lasarus. Teksta er lang, så her er lagt inn valfridom.

Kontekst

Historia om oppvekkinga av Lasarus, kan ein eigentleg sjå på som ein fastetekst, reint kronologisk. Den er ein del av opptakten til lidingspåska til Jesus, to kapittel før palmesundag. I vers 11:55 les me: «*det lei no mot påske...*»

Rett i forkant av vårt avsnitt, kan me lesa om opptakten til Lasarus-oppvekkinga, der Jesus ventar med å reise til Betania. Dette er ei god påminning om at Jesu/Guds tankar og planar er høgare enn våre (Jes 55:9). Sjølv om Jesus var fire dagar «for seint» kom han akkurat i den rette tid.

I etterkant av vårt avsnitt les me at øvsteprestane og farisearane konspirerer om korleis dei skal få Jesus av vegen, og såleis står denne teksta i nær samanheng med påskeforteljninga.

Jødisk kontekst

I teksta får me innblikk i jødisk gravferdsskikk. Det var vanleg at den døde vart gravlagt på dødsdagen. Deretter kom stort sett sju sørgedagar. Då kunne det kome mange både fjerne og nære kjenningar og slektningar av den avdøde, for å trøyste og sørge saman med dei etterlatne. Det kan sjå ut som at Maria sat i eit slikt sørgeoppbod («Sjiva»), medan Marta var og møtte Jesus. Korvidt dette var ein tenleg skikk for dei involverte, er uvisst.

Hovudpunkt i teksta

Det er etter mi meining to hovudpunkt, eller tyngdepunkt, i teksta vår. Det eine er sjølv sagt sjølv underet, oppvekkinga av Lasarus. Det andre er Jesu erklæring i v. 25-26. «*Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy.*» Dette er som ei programerklæring frå Jesus. Han er kome for å gje. Gje sitt eige liv, så dei som trur på han, skal få eit evig liv.

Desse to punkta er tett bunde saman i både tematikk og innhald. Jesus er oppstoda og livet, difor kan han også reise Lasarus opp frå dei døde, og difor skal han nokre dagar/veker seinare sjølv oppstå, som den førstefødde av dei oppstadne.

Andre gode poeng ein kan ta utgangspunkt i er Marta si vedkjenning: «*Ja Herre! Eg trur at du er Messias, Guds Son, han som skal koma til verda.*» v.27. Eit klårt og enkelt vitnesbyrd, med sprengkraft nok i seg til å endre heile verda. Peter hadde ei liknande vedkjenning i *Matt.16:16*. Den lille kviskringa frå Marta til Maria i v.28, med påfølgjande reaksjon frå Maria kan brukast til å setje søkjelyset på oss i dag. «Meisteren er her og spør etter deg.» Kva gjer me når Jesus (Meisteren) kallar på oss?

Misjon

I kapittel 20 i Johannesevangeliet får me vita kvifor Johannes har skrive boka. *Joh. 20:31*: «*Men desse er skrivne for at de skal tru at Jesus er Messias, Guds Son, og for at de ved trua skal ha liv i hans namn.*» Legg merke til likskapane med Marta si vedkjenning, 11:27. Trua og livet som følgjer med det, er også knytt uløyseleg saman med Jesu namn og person. «*Eg er oppstoda og livet.*» 11:25.

Dette er grunnlaget for all misjon. Jesus er den einaste vegen til Gud, og den einaste vegen til evig liv, går gjennom tru på personen Jesus Messias.

Støvet og livet

GT-teksten denne sundagen er frå Job kap 19. Den passasjen har også sitt midtpunkt i vers 25: «*Men eg, eg veit at min utløysar lever, og som den siste skal han stå fram på støvet.*»

Ordet gjenløser kan her bety «forsvarer» eller «mellommann», og det går fram av Jobs bok at Job lengtar etter nokon som kan føre hans sak for Gud (9:33, 16:19-21). Dette kan difor lesast som eit frampeik på Messias, som skal kome og bli denne mellommannen. Eg finn det interessant at denne gjenløysaren skal stå fram på *støvet*. Kva betyr dette? Nokre andre stader me kan lese om støvet: **Job 20:25f**: Den andre dør med sorg i hjertet og har aldri nytt noen lykke. Begge ligger de i *støvet*, og likmakk dekker dem. **Fork. 12:6f**: Tenk på skaparen din før sølvsnora slitnar og gullskåla går sund, (...) før støvet vender attende til jorda og vert som det vart før, (...)».

For meg verkar det som død og støv går hand i hand. Då vert dette verset stort for meg. «*Som den siste skal han stå fram på støvet.*» Denne gjenløysaren skal altså visa seg å ha makt over død og liv. Han skal stå på støvet. Siga over døden.

Oppsummering

Hausten sin påskedag er eit godt namn for denne sundagen. Tekstane for dagen visar oss den allmechtige Herren, som er herre over liv og død. Han som er livet og har makt over døden, Jesus Messias.

Ole-Jørgen Storsæter

Krinsleiar – Nordhordland Indremisjon, ImF.

oj.storsater@imf.no